



**TYSVÆR
KOMMUNE**

Delegeringsreglement for Tysvær kommune

Vedtatt av Tysvær kommunestyre 20.06.17

Innhald

1. Innleiing	3
2. Hovudprinsipp	3
3. Saker der kommunestyret tar avgjerd	3
3.1 Val, oppgåver, reglement.....	4
3.2 Plansystem.....	4
3.3 Økonomi	4
3.4 Personal og organisasjon	4
3.5 Eigedom.....	5
4. Delegering til politiske utval og ordførar	5
4.1 Formannskapet.....	5
4.2 Ordførar.....	5
4.3 Kommuneplanutvalet:.....	6
4.4 Levekårutvalet.....	6
4.5 Teknisk utval.....	7
4.6 Administrasjonsutvalet	7
4.7 Kontrollutvalet.....	7
4.8 Tiltaks- og næringsfondet.....	7
4.9 Valstyret.....	8
5. Delegering til rådmannen	8
5.1 Generelt.....	8
5.2 Økonomi	8
5.3 Personal og organisasjon	9
5.4 Fast eigedom.....	9
6. Delegering etter særlov (i alfabetisk rekkefølge)	10
7. Klagerett og klageorgan	17
7.1 Klagerett etter forvaltningslova.....	17
7.2 Klagebehandling innan teknisk drift og forvaltning.....	17
7.3 Klagebehandling innan levekårområdet.....	17
7.4 Klagebehandling på personalområdet	17
7.5 Kommunal klagenemnd.....	17
7.6 Klagenemnd for eigedomsskatt.....	17
8. Ajourføring og revisjon	18

1. Innleiing

I Tysvær kommune sitt delegeringsreglement finn du oversikt over kven som har fått delegert mynde for dei ulike saks- og fagområda.

All delegert avgjerdsrett må brukast i samsvar med lovar, forskrifter og retningslinjer gitt av overordna organ, og innafor dei rammer og føresetnader som ligg i budsjett, økonomiplan og kommuneplan.

Den som har fått delegert avgjerdsrett kan, ved særskilde høve, overlate til overordna instans å ta avgjerd. Den delegerte mynde kan kva tid som helst trekkast tilbake. I slike tilfelle må det delegerande organet ta saken tilbake før det underordna organet har behandla saka.

2. Hovudprinsipp

Tysvær kommune sitt styringssystem føreset ein sterk og tydeleg politisk leiarskap i alle viktige og prinsipielle spørsmål, ved at politisk nivå skal behandla alle saker av overordna karakter og andre saker som etter lovverket ikkje kan delegerast til rådmannen (administrasjonen).

Kommunestyret/politiske utval vedtar planar og retningslinjer og gjer vedtak i saker som ikkje er delegert til rådmannen.

For å legge til rette for effektiv drift med korte beslutningsvegar, er prinsippet elles delegering av ansvar og mynde til rådmannen (administrasjonen) under folkevald styring og kontroll, så langt ansvar og mynde kan delegerast i følgje lover og forskrifter. Rådmannen har høve til å delegera mynde vidare ut i organisasjonen der dette er hensiktsmessig og praktisk mulig.

Enkelt saker skal behandlast administrativt, men dersom saka inneheld nye/endra prinsipp som må avklarast, så skal desse avklarast politisk i ei generell sak, før enkelt saka blir behandla.

3. Saker der kommunestyret tar avgjerd

I §6 i kommunelova heiter det:

"Kommunestyret er det øverste kommunale organ. Det treffer vedtak på vegne av kommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak".

Kommunestyret har det øverste tilsynet med den kommunale forvaltninga og kan forlange ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd.

Kommunestyret vedtar reglement for Tysvær kommunestyre og politiske utval, som gir nærare reglar og oversyn over saksområde og oppgåver for politiske utval. Ut over dei føresegnene som følgjer av dette delegeringsreglementet gjeld til ei kvar tid gjeldande budsjett- og økonomireglement og finansreglement, som begge er vedtatt av kommunestyret.

3.1 Val, oppgaver, reglement

- Val av formannskap, ordfører og varaordførar, jf. kommunelova §8 og 9.
- Val av faste kommunale utval, og elles andre utval når mynde ikkje er lagt til andre, jf. Kommunelova §10.
- Saker om delegering av kommunal mynde til faste kommunale utval, råd eller styre for kommunal verksemd eller til interkommunalt styre for verksemd som er sett til å løysa kommunale/interkommunale oppgåver, jf. kommunelova §§10, 27 og 62.
- Saker om val av kontrollutval og ordning av revisjonen, mottak av rekneskapsutgreiingar og utgreiingar om drifta, og her under gje eller tilrå aktuelle godkjenningar, jf. Kommunelova §§ 77, 78 og 80.

3.2 Plansystem

- Kommuneplanen sin langsiktige del og handlingsprogrammet til denne, herunder økonomiplan og årsbudsjett.
- Godkjenning av sektor- og temaplanar.
- Godkjenning av kommunedelplanar, områdereguleringsplanar og godkjenning av detaljreguleringsplanar i område utan godkjent områdereguleringsplan.

3.3 Økonomi

- Vedta økonomiplan for dei neste fire åra ved årleg rullering og vedta årsbudsjett, jf. kommunelova §§ 44 og 45, herunder skattevedtak, avgiftsvedtak og eigenbetalingsvedtak.
- Vedta vesentlege/prinsipielle endringar i økonomiplan og årsbudsjett, jf. kommunelova §§ 45, 46 og 47.
- Vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 48.
- Vedta alle låneopptak til finansiering av tiltak i budsjettet, jf. kommunelova §50.
- Vedta konsesjonar, avtalar om leveransar, bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år eller har mykje å seie for kommunen sin økonomi. Slike saker er likevel delegert til formannskapet når verdien det er tale om er lågare en kr 2.000.000,-.
- Vedta bruk av kommunen sitt generelle disposisjonsfond og kommunen sitt generelle ubunde kapitalfond.
- Vedta å garantera for andre sine økonomiske plikter for beløp over kr 500 000,-. Vedtak blir å oversende fylkesmannen for godkjenning, jf. kommunelova §52.
- Vedta reglar for kommunen si finansforvaltning, finansreglement, i kvar kommunestyreperiode, jf. kommunelova §52.
- Vedta kommunen sitt budsjett- og økonomireglement.

3.4 Personal og organisasjon

- Vedta hovudstrukturen i den administrative organiseringa (organisering i tenestegreiner og stabsområde). Godkjenne organisasjonsendringar som krev endra/auka ressursbruk totalt i organisasjonen.
- Behandle overordna retningslinjer for kommunen sin organisasjonspolitik.
- Tilsetting av rådmann.
- Saker om arbeidsvilkår og godtgjersle for kommunale tillitsverv.

3.5 Eigedom

- Vedtak/søknad om godkjenning for ekspropriasjon etter plan- og bygningslova og lov om oreigning.
- Saker om kjøp, sal, makeskifte eller pantsetting av fast eigedom, og saker om å gje frå seg eller hefta bort rettar i fast eigedom. Slike saker er likevel delegert til formannskapet når eigdommen eller rettane har ein verdi på mindre enn 10 mill. kroner, og til rådmannen når eigdommen eller rettane har ein verdi på mindre enn 3. mill. kroner.

4. Delegering til politiske utval og ordførar

4.1 Formannskapet

Formannskapet har, saman med kommuneplanutvalet, ansvar for heilskapsplanlegging.

Formannskapet har vidare ansvar for økonomi, interkommunalt samarbeid, eigdomsforvaltning og større/prinsipielle saker som ikkje er lagt til andre utval.

Formannskapet skal behandle og gjere vedtak eller gi innstilling til kommunestyret i saker som gjeld:

- Politiske leiings- og samordningsoppgåver, inkl. samarbeid med andre kommunar.
- Leie og samordna arbeidet med økonomiplanen, inkl. legga fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett.
- Behandle alle prinsipielle saker vedkommande kommunal drift og tenesteproduksjon som har økonomisk verknad.
- Overordna styring av den kommunale eigedomsmassen, med vurdering av samla volum, kjøp og sal av kommunale tomter og eigedomar, innleige av bygningar og areal, byggvedlikehaldsinnsatsar, m.v.
- Saker om kjøp, sal, makeskifte eller pantsetting av fast eigedom, og saker om å gje frå seg eller hefta bort rettar i fast eigedom, når eigdommen eller rettane har ein verdi på mindre enn 10 mill. kroner, sjå pkt. 3.5.
- Stortingsval, kommune- og fylkestingsval (som valstyre, sjå pkt. 4.10).
- Nærings saker (sjå også tiltak- og næringsfond, pkt. 4.9).

Utfyllande oversyn over formannskapet si samansetting og oppgåver finn du i gjeldande reglement for Tysvær kommunestyre og politiske utval, budsjett- og økonomireglement og finansreglement. Delegering til formannskapet etter særlov kjem fram av kap. 6 i dette delegeringsreglementet.

Formannskapet har mynde til å treffa vedtak i saker som ordinært skulle vore avgjort av kommunestyret i dei tilfella det må treffast vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalla inn kommunestyret, jf. kommunelova § 13. Melding om slikt vedtak skal leggast fram for kommunestyret ved første høve.

4.2 Ordførar

Ordføraren er den fremste representanten til kommunen og tar seg av dei gjeremåla som ligg til ordføraren i lover, forskrifter og reglement. Varaordførar har ordførar sin mynde i ordføraren sitt fråver, t.d. ved sjukdom, lengre reiser, feriar o.l.

Ordføraren bør berre bli vald til andre kommunale verv når dette går fram av gjeldande føresegner, eller når det er naturleg at ordføraren deltar som representant for kommunen.

Ordføreren skal vera generalforsamling for kommunen sine selskap, dersom ikkje noko anna er sagt i selskapet sine vedtekter

Ordføreren skal ivareta kontakt med kommunen sine representantar i selskap kommunen eig eller er medeigar i og legge til rette for ei aktiv eigarrolle i slike selskap. Formannskapet skal orienterast om viktige/prinsipielle saker det blir arbeidd med.

Ordføreren tar avgjerd om kva utval som skal behandle saker som er sektorovergripande.

Ordføreren er rettsleg representant for kommunen og skriv under på vegne av kommunen i alle tilfelle der mynden ikkje er tildelt andre, jf. kommunelova §9.3.

Ordføreren har formannskapet si avgjerdsmynde ved lengre opphald i møteverksemda til formannskapet, m.a. i sommarferien, når saka hastar eller det ikkje blir vurdert som nødvendig eller mulig å kalla inn til møte.

Utfyllande oversyn over ordføreren sine oppgåver finn du i gjeldande reglement for Tysvær kommunestyre og politiske utval. Delegering til ordførar etter særlov kjem fram av kap. 6 i dette delegeringsreglementet.

4.3 Kommuneplanutvalet

Kommuneplanutvalet har ansvar for å organisere eit heilskapleg kommuneplanarbeid med bredt fokus på kommunen sine oppgåver i samfunns- og tenesteutvikling. Dette omfattar i tillegg til sjølve kommuneplanen også dei kommunedelplanane som inngår i kommunen sitt overordna plansystem.

Kommuneplanens arealdel skal utarbeidast med utgangspunkt i kommuneplanen og inngå som delplan i det samla kommuneplansystemet.

Kommuneplanutvalet har direkte innstillingsrett til kommunestyret.

Utfyllande oversyn over kommuneplanutvalet si samansetting og oppgåver finn du i gjeldande reglement for Tysvær kommunestyre og politiske utval. Delegering til kommuneplanutvalet etter særlov kjem fram av kap. 6 i dette delegeringsreglementet.

4.4 Levekårutvalet

Levekårutvalet har ansvar for utvikling og oppfølging av kommunale tenester på kultur-, fritids-, barnehage-, skule-, helse-, sosial- og omsorgsområdet, i samsvar med føringar i lover og forskrifter og lokale målsettingar og vedtak.

Utvalet rapporterer direkte til kommunestyret, men saker med økonomisk konsekvens for kommunen går via formannskapet og evt. vidare til kommunestyret.

Utvalet avgjer, som 1. instans, dei sakene innan ansvarsområde nemnt ovanfor, der avgjerdsrett ikkje er delegert til rådmannen eller gjennom særlov til fagperson.

Utfyllande oversyn over levekårutvalet si samansetting og oppgåver finn du i gjeldande reglement for Tysvær kommunestyre og politiske utval. Delegering til levekårutvalet etter særlov kjem fram av kap. 6 i dette delegeringsreglementet.

4.5 Teknisk utval

Teknisk utval har i samsvar med føringar i lover og forskrifter og lokale målsettingar og vedtak, ansvar for utvikling og oppfølging av kommunale tenester på arealplan-, utbyggings-, kommunalteknikk-, landbruks- og miljøområdet.

Utvalet behandlar alle arealsaker etter plan- og bygningslov, jordlov og relaterte lover. Utvalet har ansvar for planlegging og utbygging av arealrelatert infrastruktur, planlegging og gjennomføring av kommunale byggeprosjekt og oppgåver innan bygningsmessig forvaltning og drift.

Utvalet rapporterer direkte til kommunestyret, men saker med økonomisk konsekvens for kommunen går til formannskapet og evt. vidare til kommunestyret.

Utvalet avgjer, som 1. instans, dei sakene innan ovannemnde ansvarsområde, der avgjerdsrett ikkje er delegert til rådmannen eller gjennom særlov til fagperson.

Utvalet har som særlovsorgan etter plan- og bygningslova også mynde som underinstans til å behandle enkeltvedtak som er fatta av rådmannen og som blir påklaga. For andre klager på enkeltvedtak, sjå kap. 7 om klagerett.

Utfyllande oversyn over teknisk utval si samansetting og oppgåver finn du i gjeldande reglement for Tysvær kommunestyre og politiske utval. Delegering til teknisk utval etter særlov kjem fram av kap. 6 i dette delegeringsreglementet.

4.6 Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet (ADMU) skal vedta, eller innstille til kommunestyret, for følgjande saksområde:

- Kommunens arbeidsgjevarpolitikk og arbeidsgjevarpolitiske spørsmål.
- Prinsipielle spørsmål om tilsette sitt arbeidsmiljø.
- Likestillingssaker.
- Gjennomføring av konkurranseutsetting og konkurranseutsettingsprosessar.
- Uttale- og tilrådingsrett i større organisasjonsgjennomgangar.
- Aktuelle orienteringssaker og drøftingssaker.
- Klageorgan i enkeltsaker på personalområdet, føresett at slik klagebehandling er heimla i Tysvær kommune sine personalpolitiske retningslinjer.

Dei folkevalde representantane i ADMU utgjer forhandlingsutval som fastset lønns- og arbeidsvilkår for rådmannen, jf. vedtatt reglement for ADMU.

4.7 Kontrollutvalet

Kontrollutvalet i Tysvær kommune er oppnemnd av kommunestyret i samsvar med føresegnene i kommunelova og kontrollutvalsforskrifta.

Reglement for Tysvær kontrollutval, vedtatt av kommunestyret, gir nærare reglar for kontrollutvalet sin funksjon og samansetting.

4.8 Tiltaks- og næringsfondet

Formannskapet sine medlemmer vert oppnemnd som medlemmer i Tysvær tiltaks- og næringsfond.

Kommunestyret fastset vedtekter for tiltaks- og næringsfondet og gir utfyllande oversyn over fondet sine oppgåver.

Formannskapet er fondet sitt styre og vedtek fondet sitt budsjett, jf. gjeldande vedtekter. Styret kan delegere avgjerder i enkeltsaker til rådmannen.

4.9 Valstyret

Formannskapet sine medlemmer vert oppnemnd som valstyre i samsvar med vallova §4-1 og vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskild fastsett.

Ordførar er leiar av valstyret.

For delegering av mynde til leiar av valstyret og til rådmannen – sjå delegering for vallova under særlov i kap. 6 i dette reglementet.

5. Delegering til rådmannen

Kommunestyret, formannskapet og kommunen sine faste politiske utval gir rådmannen mynde til å treffa vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell art, jf. kommunelova § 23, punkt 4.

Om kva som er av prinsipiell art seier Ot.prp. nr. 42 (91-92) m.a. følgjande:

”Hva som er av prinsipiell betydning må fastsettes ikke bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser og ut fra kommunens ... størrelse, men også ut fra en vurdering av i hvilken utstrekning de viktige skjønsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen må anses klarlagt gjennom politiske vedtak, instruks eller tidligere praksis”

Dersom rådmannen er i tvil om ei sak er av prinsipiell/politisk karakter, blir spørsmålet om dette å leggja fram for ordføraren.

Dette delegeringsreglementet definerer nærare kva mynde som er delegert til rådmannen. Rådmannen har som øverste administrative leiar høve til å delegera mynde vidare ut i organisasjonen der dette er hensiktsmessig og fastset sjølv retningslinjer for slik delegering.

Rådmannen har, i tillegg til mynde som kjem fram av delegering etter særlov i kapitel 6 i dette delegeringsreglementet, følgjande mynde:

5.1 Generelt

- Driftsavgjerder som ligg innafor dei rammene kommunestyret har vedtatt (budsjett, plan, overordna retningslinjer).
- Underteikna på kommunens vegne økonomiske og andre avtaledokument som følgjer direkte av reglement, budsjettvedtak eller andre politiske gitte fullmakter.

5.2 Økonomi

- Gjere ikkje-prinsipielle endringar i kommunestyret sine vedtatte netto driftsrammer når intensjonane i vedtatt budsjett ikkje blir endra.
- Disponere kommunen sine bankkonti.
- Tilvisingsfullmakt for heile kommunebudsjettet.

- Fullmakt til å nytta midlar, avsette på fond, så lenge midlane blir nytta til det føremålet som kommunestyret eller andre politiske organ har bestemt fondet skal nyttast til .
- Fullmakt, innafor ei vedtatt netto budsjetttramme, å gjere ikkje prinsipielle avsettingar til disposisjonsfond.
- Fullmakt til å setje av nytta budsjettmidlar til investeringar til disposisjonsfond øyremerka til konkrete investeringstiltak.
- Plassera overskotslikviditet, jf. også vedtatt finansreglement.
- Gjennomføra kommunestyret sine lånevedtak, godkjenne lånevilkår samt signere lånedokument i samsvar med kommunelova § 50, jf. også vedtatt finansreglement.
- Refinansiere tidlegare opptatte lån, jf. også vedtatt finansreglement.
- Tildela startlån, utbetingslån og bustadtilskott i samsvar med retningsliner frå Husbanken.
- Krevja tvangsauksjon for kommunale avgifter og andre kommunale krav.
- Gjera vedtak om å krevja konkurs.
- Fullmakt til å avskriva kommunale krav.
- Innkjøp og kontrakts-/avtaleinngåingar innanfor vedtatt budsjett. Oppseiing av slike avtalar.
- Fullmakt til å selja og/ eller utrangera utstyr og materiell.
- Fullmakt til å ta avgjerd i saker der organisasjonar har søkt om økonomisk stønad, støtteannonse e.l.
- Fordela stønad til politiske parti etter gjeldande reglar.
- Godkjenna/avslå framlegg om tvungen gjeldsordning (gjeld ikkje skatt).

5.3 Personal og organisasjon

- Tilsetting og oppseiing i alle stillingar med unnatak av rådmann .
- Organisasjonsendringar innanfor den hovudstrukturen som er godkjent av kommunestyret, og som ikkje krev endra ressursbruk totalt i organisasjonen.
- Omgjera, oppretta og leggja ned stillingar (faste og mellombelse) i dei høve der tiltaket er i tråd med årsbudsjett, handlingsprogram eller økonomiprogram, jf. kommunelova §24 pkt.1.
- Fullt dagleg arbeidsgjevaransvar inkl. lønnsoppgjær.
- Andre arbeidsgjevarsaker av ikkje prinsipiell karakter.

5.4 Fast eigedom

- Saker om kjøp, sal, makeskifte eller pantsetting av fast eigedom, og saker om å gje frå seg eller hefta bort rettar i fast eigedom, når eigedomen eller rettane har ein verdi på mindre enn 3. mill. kroner, sjå pkt. 3.5 i dette reglementet.
- Oppfølging av vedtak i formannskapet/kommunestyret om kjøp, sal, makeskifte eller pantsetting av fast eigedom, og saker om å gje frå seg eller festa bort rettar i fast eigedom.
- Sal av tomter i kommunale bustadfelt i samsvar med vilkåra kommunestyret/formannskapet har fastsett. Tilbakekjøpe kommunale bustadtomter som ikkje blir utbygd innan dei fristar som gjeld.
- Sal av næringstomter i samsvar med vilkåra kommunestyret har fastsett, og tilbakekjøp av kommunale næringstomter som ikkje blir utbygd innan dei fristar som gjeld.
- Bortleige av kommunale areal for ein periode på inntil 5 år og som ikkje er av prinsipiell art.
- Slette tinglyste hefter/retter og/eller pant i fast eigedom.
- Gi vegrett og rett til andre tekniske anlegg over kommunal eigedom.

- Fråfalle pant for lån i mindre parsellar, samt vike for prioritet når det ikkje fører med seg risiko for tap.
- Inngå minnelege avtalar om rett til å ha liggande kommunaltekniske anlegg.
- Utstede eigenerklæring for grunn til vegformål, skøyter og festekontraktar.
- Mynde til å krevja kartforretning for kommunen sine eigedomar, og til å opptre som eigar / nabo i slike saker.
- Vedtak og uttale om tilskot etter jordbruksavtalen.
- Førestå utleige av kommunale bustadar.
- Tildele treningstid i kommunale bygg.

6. Delegering etter særlov (i alfabetisk rekkefølge)

Delegering etter særlov vert ikkje omfatta av saker som er av prinsipiell art.

Når det vert vist til særlov inkluderer det tilhøyrande forskrifter så langt ikkje anna følgjer av føresegner i dette delegasjonsreglementet. Kvar lov er oppgitt med dato for kva tid lova vart vedtatt. Seinare endringar i den enkelte lov vil være inkludert i delegeringa etter særlov.

«Særskild fastsett» betyr fastsett i dei andre kapitla i dette delegeringsreglementet, i andre reglement vedtatt av kommunestyret eller direkte av lov og forskrift. Det er presisert i nokre høve i lista nedanfor.

Adopsjonslova av 28.02.1986 nr 8

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Akvakulturloven av 17. juni 2005 nr 79

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Alkohollova av 2. juni 1989 nr 27

Kommunestyret vedtar faste sals- og skjenkeløyve.

Rådmannen vert delegert mynde til å treffa vedtak i enkeltsaker innanfor dei rammene og reglane som er fastsett i lova, kommunen sine retningslinjer eller i andre relevante reglar og retningslinjer i følgjande saksområde:

- Tildeling av ambulerande løyve til slutta lag, jf. §§ 4-5 og 4-2.
- Tildeling av løyve ved einskilde høve, jf. § 1-6, 2. avsnitt.
- Utviding av tidsrom og areal for skjenking av alkoholhaldig drikk for eit kortare tidsrom for ein kortare periode på inntil 2 månadar, jf. § 4-4.
- Tildeling av prikkar ved brot på alkohollova og kommunale retningslinjer, jf. alkoholforskrifta.

Anskaffelseslova av 17. juni 2016 nr 73

Rådmannen vert delegert mynde til innkjøp og kontrakts-/avtaleinngåingar innanfor vedtatt budsjett. Oppseiing av slike avtalar.

Arbeidsmiljølova av 17. juni 2005 nr 62

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Arkivlova av 4. desember 1992 nr 126

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Barnehagelova av 17. juni 2005 nr 64

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Rådmannen sin mynde inkluderer godkjenning av barnehagar, samordna opptak, offentlege tilskot til private barnehagar, tilsyn og avgjerd om betalingsreduksjon.

Unntak: Kommunestyret fastset vedtekter for barnehagane, foreldrebetaling og reglement for betalingsreduksjon i barnehagar.

Barnelova av 8. april 1981 nr 7

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Barnevernlova av 17. juli 1992 nr 100

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

I medhald av lov om barneverntjenester vert det delegert til leiar av barnevernet å ha ansvaret for oppgåvene etter lova i enkeltsaker.

Beitelova av 16. juni 1961 nr 12

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002 nr 20

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Bustøttelova av 24. august 2012 nr 64

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Domstollova av 13. august 1915 nr 5

Kommunestyret avgjer saker etter lova.

Unntak: Formannskapet førebur valet, tek avgjerd om fritak frå val og sett fram forslag til kommunestyret om val av lagrettedommarar og meddommarar jf. §68.

Rådmannen vert delegert til å ta avgjerd om fritak frå val som lagrettedommar eller meddommar når ein person krev seg fritatt på bakgrunn av helsetilstand eller andre særlege grunner, eller vedkommande har vore medlem i to periodar tidlegere, jf. §74.

Dyrehelsepersonellova av 15. juni 2001 nr 75

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Eigarseksjonslova av 23. mai 1997 nr 31

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Eigedomsskattelova av 6. juni 1975 nr 29

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett, av prinsipiell art eller tillagt eit anna organ i kommunen, jf. også reglement for takstnemnd for eigedomsskatt og klagenemnd for eigedomsskatt.

Film- og videogramloven av 15. mai 1987 nr 21

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Folkebibliotekloven av 20. desember 1985 nr 108

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Folkehelselova av 24. juni 2011 nr. 29

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Direkte delegering:

Kommunelegen kan utøve kommunen sin mynde dersom dette på grunn av tidsnød er nødvendig for at kommunen sine oppgåver etter kap. 3 i lova (miljøretta helsevern) skal kunne bli utført, jf §9, 2. avsnitt.

Kommunelegen vert delegert godkjenningssmynde etter forskrift om miljøretta helsevern (med heimel i folkehelselova).

Forpaktningslova av 25. juni 1965 nr 1

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Forureiningslova av 13. mars 1981 nr. 6

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Unntak: Kommunestyret fastsett forskrift og gebyrregulativ.

Friluftsløva av 28. juni 1957 nr. 16

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Geodataløva av 23. september 2010 nr. 56

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Gjeldsordningslova av 17. juli 1992 nr. 99

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Granneløva av 16. juni 1961 nr. 15

Rådmannen vert delegert mynde til å opptre på kommunen sine vegne i grannetilhøve i saker som ikkje har prinsipiell karakter.

Gravferdslova av 7. juni 1996 nr. 32

Rådmannen vert delegert mynde til å opptre på kommunen sine vegne i saker som høyrer inn under reglane i lova.

Havne- og farvannlova av 08.juni 1984 nr 51

Karmsund Hamn er delegert mynde slik det kjem fram av vedtak i sak 78/10 i kommunestyret 14.12.10

Helseberedskapslova av 23. juni 2000 nr. 56

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Helse- og omsorgstenestelova av 24. juni 2011 nr. 30

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Helsepersonellova av 2. juli 1999 nr. 64

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Helseregisterlova av 20. juni 2014 nr 43

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Introduksjonsloven av 4. juli 2003 nr. 80

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Jordlova av 12. mai 1995 nr. 23

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Jordskiftelova av 21. juni 2013 nr. 100

Rådmannen vert delegert mynde til å opptre på kommunen sine vegne i saker som høyrer inn under jordskifteretten.

Konsesjonsloven av 28. november 2003 nr. 98

Teknisk utval vert delegert mynde til å vedta saker av prinsipiell karakter, t.d. saker der kjøpar ikkje ønskjer å nytte eigedomen i tråd med gjeldande plan, og/eller der kjøpar ønskjer konsesjon på spesielle vilkår.

Rådmannen vert delegert mynde til å

- gjere vedtak etter loven i kurante/ikkje prinsipielle saker.
- innvilga konsesjon når dette er lagt til kommunen, og administrasjonen ikkje finn grunn til å nekta konsesjon.
- gjere vedtak/tilråding om bu- og driveplikt (jf. odelslova).
- stadfeste om vilkåra for konsesjonsfridom etter §5 er tilstade.

Kulturlova av 29. juni 2007 nr. 89

Levekårutvalet vedtar retningslinjer for tildeling av tilskot til nærmiljøutval og frivillige organisasjonar innanfor kultur- og fritidsområdet og vedtek felles årleg tildeling av kulturmidlar.

Rådmannen tildeler tilskot til kulturføremål basert på enkeltsøknadar.

Levekårutvalet tildeler Tysvær kommune sin kulturpris m.v. etter vedtekne statuttar og kulturstipend etter vedtekne retningslinjer.

Levekår vedtar reglar for disponering av park, idretts- og friluftsanlegg og areal til ulike føremål og organisasjonar.

Kulturminnelova av 9. juni 1978 nr. 50

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Lakse- og innlandsfiskeloven av 15. mai 1992 nr. 47

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Matrikellova av 17. juni 2005 nr. 101

Kommunestyret vedtar gebyrregulativ for oppmålingsforretning, matrikkelføring, utferding av matrikelbrev og anna arbeid etter lova.

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Rådmannen sin mynde inkluderer:

- kommunen sine plikter/rettar som oppmålingsstyresmakt.
- mynde og ansvar for føring av matrikelkartet, tildeling av offisielle adresser m.v.
- møte på vegne av kommunen ved kart- og delingsforretningar.
- rekvirere kart- og delingsforretning på vegne av kommunen.

Motorferdselslova av 09. juni 1977 nr. 82

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Naturmangfoldlova av 19. juni 2009 nr 100

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

NAV-lova av 16. juni 2006 nr. 20

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Opplæringslova av 17. juli 1998 nr. 61

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Rådmannen sin mynde inkluderer avgjerd om utsett eller tidleg skulestart, fritak, permisjon, spesialundervisning, skyss, flytting av elev til anna skule m.v.

Unntak:

- Levekårutvalet tek avgjerd om timar utover minstetimetallet.
- Levekårutvalet vedtek skuleruta.
- Levekårutvalet vedtek ordensreglement for skulane.
- Levekårutvalet vedtek val av kommunal representant til samarbeidsutvala.
- Kommunestyre vedtek forskrift om kva skule dei ulike områda soknar til.
- Kommunestyret vedtek forskrift om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skulane.

Pasient- og brukarrettighetslova av 2. juli 1999 nr. 63

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Pasientjournalloven av 20. juni 2014 nr 42

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Personopplysningsloven av 14. april 2000 nr 31

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Rådmannen sin mynde inkluderer mindre endringar/justeringar av tomte - eller byggjegrænse, tilkomst til tomt m.v, vedtak etter byggesaksdelen og godkjenning av byggeplan.

Unnatak:

- Teknisk utval godkjenner detaljreguleringsplan i område med godkjent områdereguleringsplan.
- Teknisk utval godkjenner mindre endring i reguleringsplan.
- Kommuneplanutvalet har ansvar for kommuneplanarbeidet, kommunedelplanar og områdereguleringsplanar. Kommuneplanutvalet kan godkjenne planprogram og varsle oppstart av slike planarbeid. Kommunestyret vedtek endeleg godkjenning av kommuneplan, kommunedelplan og områdereguleringsplan.
- Kommunestyret gjer vedtak/søknad om godkjenning for ekspropriasjon - sjå pkt 3.5 i dette delegeringsreglementet.

Psykisk helsevernlov av 2. juli 1999 nr. 62

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Serveringslova av 13. juni 1997 nr. 55

Rådmannen vert delegert mynde til å gjere enkeltvedtak etter lova.

Sivilbeskyttelseslova av 25. juni 2010 nr 45 (Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret)

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Skogbruklova av 27. mai 2005 nr. 31

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Smittevernloven av 5. august 1994 nr. 55

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Sosialtjenesteloven av 18. desember 2009 nr. 131

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Lov om stadnamn av 18. mai 1990 nr. 11

Levekårutvalet vedtek namnsetting av gater, vegar og stadar samt offentlege bygg og anlegg.

Straffeloven av 20.05.2005 nr 28 og Straffeprosessloven av 22. mai 1981 nr. 25

Rådmannen vert delegert mynde til å:

- anmelde til politiet i saker der kommunen er fornærma part, t.d. ved trugsmål/vald mot tilsette, innbrot og hæverk.
- å ta imot forkynningar og meldingar på vegne av kommunen i samband med rettssaker og liknande.
- reisa søksmål (forliksklage og stemning) på vegne av kommunen, anlegga privat straffesak eller krevja offentleg påtale for brotsverk mot kommunen når dette er tufta i politisk orientering/vedtak.

Tobakksskadelova av 9. mars 1973 nr. 14

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Trudomssamfunnslova av 13. juni 1969 nr. 25 og Lov om tilskott til livssynssamfunn av 12. juni 1981 nr 64

Rådmannen vert delegert mynde til å fordele midlar til registrerte trussamfunn og livssynssamfunn etter gjeldande retningslinjer.

Vallova av 28. juni 2002 nr. 57

Valstyret vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett, jf. pkt. 4.9 i dette delegeringsreglementet.

Unntak:

- Leiar av valstyret (ordførar) får delegert mynde til å gi fritak og å foreta suppleringsval av røystestyre og supplere talet på førehandsrøystemottakarar.
- Kommunestyret gjer vedtak dersom det skal haldast val også søndagen før den offisielle valdagen, jf §9-2
- Rådmannen vert delegert det administrative hovudansvaret for den praktiske avviklinga av valet, dette kan t.d. vera valkort, lokale og utstyr, annonsering og informasjon, rapportering til sentrale myndigheter, opplæring og bemanning til førehandsrøystemottakarar / røystestyre.

Vass- og kloakkavgiftslova av 31. mai 1974 nr. 17

Rådmannen vert delegert mynde til gjere enkeltvedtak etter lova.

Kommunestyret vedtek gebyr og gjev nærare reglar om gjennomføring av gebyrvedtaket og innkrevjing av gebyra.

Veglova av 21. juni 1963 nr. 23

Rådmannen vert delegert mynde som vegstyremakt i alle saker som må reknast som kurante.

Kommunestyret gjer vedtak i saker om omklassifisering eller nedlegging av kommunale vegar, og om oreigning av grunn til veg.

Vegtrafikklova av 18. juni 1965 nr. 4

Rådmannen vert delegert kommunen si mynde som skiltstyresmakt.

Rådmannen vert delegert mynde til å gjere enkeltvedtak etter §8 f- parkeringskort for forflytningshemma.

Viltlova av 29. mai 1981 nr. 38

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Vaksenopplæringslova av 19. juni 2009 nr. 95

Rådmannen vert delegert mynde til å ta avgjerder etter lova med mindre anna er særskilt fastsett.

Yrkestransportlova av 21. juni 2002 nr. 45

Rådmannen vert delegert mynde til å gje uttale om løyve i enkeltsaker.

7. Klagerett og klageorgan

7.1 Klagerett etter forvaltningslova

Etter Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova, fvl) §28, 2. ledd, er det berre enkeltvedtak det er klagerett på (om enkeltvedtak - sjå fvl §2, a og b).

Enkeltvedtak kan påklagast til det overordna organet som i samsvar med lov, forskrift, reglement m.v., eller andre statlege eller kommunale retningslinjer, er saksansvarleg, sjå pkt 7.3 – 7.6.

Klage på enkeltvedtak som er gjort av rådmannen/administrasjonen skal normalt gjevast oppsettande verknad, når det av tidsomsyn ikkje er nødvendig å ta avgjerd straks.

7.2 Klagebehandling innan teknisk drift og forvaltning

Klager på enkeltvedtak innan teknisk drift og forvaltning, og der det etter særlov er eige klageorgan utanfor kommunen, går etter ny behandling hos rådmannen, vidare til behandling i teknisk utval, før saka evt. blir sendt til avgjerd i det statlege klageorganet. Dette gjeld i alle saker der Fylkesmannen og Fylkeslandbruksstyret er klageorgan (klagebehandling i 3 steg).

Klager på enkeltvedtak innan teknisk sektor utan slikt eksternt klageorgan går etter ny vurdering hos rådmannen til behandling i kommunen si klagenemnd, sjå pkt 7.6.

7.3 Klagebehandling innan levekårområdet

Klager på enkeltvedtak innan levekårområdet (barnehage, skule, kultur, helse, sosial, oms org), og der det etter særlov er eige klageorgan utanfor kommunen, går etter ny behandling hos rådmannen evt. direkte til det statlege klageorganet. Dette gjeld i alle saker der Fylkesmannen er klageorgan (klagebehandling i 2 steg).

Klager på enkeltvedtak på levekårområdet utan slikt eksternt klageorgan går etter ny vurdering hos rådmannen til behandling i kommunen si klagenemnd, sjå pkt. 7.6.

7.4 Klagebehandling på personalområdet

Administrasjonsutvalet er klageorgan i enkeltsaker på personalområdet

Formannskapet får fullmakt til å fastsetta nærmare retningslinjer for slik klagebehandling.

7.5 Kommunal klagenemnd

Klagenemnda har på kommunestyret sine vegne mandat til å avgjere klager på enkeltvedtak.

Klagenemnda skal ikkje behandle klager som etter særlov blir dekkja av anna kommunal klageordning eller som det etter særlov er eige klageorgan utanfor kommunen.

Kommunestyret fastsett den kommunale klagenemnda si samansetting og funksjon i eige reglement.

7.6 Klagenemnd for eigedomsskatt

Klagenemnd for eigedomsskatt har på kommunestyret sine vegne mandat til å avgjere klager over takstnemnda sine takstvedtak og klager over eigedomsskattekontoret sine utskrivingsvedtak.

Kommunestyret fastsett klagenemnda si samansetting og funksjon i eige reglement.

8. Ajourføring og revisjon

Rådmannen får fullmakt til å gjera mindre redaksjonelle tilpassingar i delegeringsreglementet som følgje av endring i lovverket eller nytt lovverk.

Delegeringsreglementet og klagebehandlingssystem skal evaluerast minst 1 gong i løpet av kvar kommunestyreperiode.